

## STYREMØTE I Seniornett Førde

Brunosten fredag 11.01. 2019 kl.14.00

Desse møtte: Kolbjørn, Marloes, Hildur, Egil og Borgny

### **Sakliste:**

Sak 1/19 Dato og stad for årsmøtet 2019

Ungdomshuset Viking **torsdag 31.januar** kl.11.00

- Servering: Kringle og kaffi Hildur organiserer
- Kolbjørn tek kontakt med Johannes Nes for å få nøklar
- Borgny sender innkalling, med regnskap og budsjett som vedlegg

Sak 2/19 Oppsetting/gjennomgang av årsmelding/årsregnskap 2018

- Borgny skriv ferdig årsmeldinga
- Marloes set opp budsjett som ho sender til styret

Sak 3/19 Melding frå valnemda

Referat frå møte 7. januar 2019 i valnemda for Førde Seniornett  
Tilstades: Anders Bergset (leiar), Jorunn H. Johansen (medlem) og Åse Kjærland (medlem)

Nemda kom fram til følgjande innstilling for 2019:

#### Styre:

Styreleiar	Kolbjørn Bergset	attval 1 år
Styremedlem	Borgny England Slagstad	attval ny periode 2 år
Kasserer	Marloes Vos	ikkje på val 1 år att
Varamedlem	Hildur Hafstad Smådal	attval 1 år
Revisor	on Gunnar Løland	ny 1 år

#### Valnemnd:

Leiar	Björg Ladehaug	ny 1 år
Medlem	Ester Skei Klausen	ny 2 år
Medlem	Åse Kjærland	ikkje på val (1 år att)
Varamedlem	Jorunn H. Johnsen	ny 1 år

Førde, 7. januar 2017

Anders Bergset  
(sign)

Jorunn H. Johansen  
(sign)

Åse Kjærland  
(sign)

- Valnemnda har ikkje kome med framlegg til utsendingar til landsmøtet. Styret foreslår: styreleiar, Egil som instruktør + evt ein representant til om laget har midlar. Monrad deltek som medlem av styret i Seniornett Norge

Sak 4/19 Paragraf 5 i vedtektene. Kursavgift krevjast for skuleåret

**Noverande vedtekter:**

- § 4. MEDLEMSKAP I SENIORNETT NORGE Klubben sine medlemmer er individuelle medlemmer av Seniornett Norge og betaler kontingent, som kvart år blir fastsett av dei. Referat frå årsmøtet og årsmelding vert å senda til Seniornett Norge.
- § 5 UTMELDING. Medlemskapen er bindande frå innmeldingsdato og fram til 31.desember same år. Seinare følgjer medlemskapen kalenderåret. Utmelding skal skje til leiar.

**Forslag til endring:**

- § 4a. MEDLEMSKAP I SENIORNETT NORGE Klubben sine medlemmer er individuelle medlemmer av Seniornett Norge og betaler kontingent, som kvart år blir fastsett av dei. Referat frå årsmøtet og årsmelding vert å senda til Seniornett Norge.
- § 4b. UTMELDING. Medlemskapen er bindande frå innmeldingsdato og fram til 31.desember same år. Seinare følgjer medlemskapen kalenderåret. Utmelding skal skje til leiar.
- § 5. KURSAVGIFT TIL SENIORNETT FØRDE  
Seniornett Førde si kursavgift skal følgje skuleåret. Årsmøtet fastset kursavgifta
- I vedtektene bør Seniornett Førde endre ordet klubb til foreining slik at det samsvarar med Seniornett Norge si nemning
- Anna revidering av vedtektene må takast opp i styret i Seniornett Førde etter at Seniornett Norge evt har revidert sine vedtekter

Sak 5/19 Info frå SN ved Monrad

Går ut

Sak 6/19 Ymse

- Internettkafé i Viking 01.03. 2019
- Enkel servering

- Kolbjørn tek kontakt med Jakob Andre Sandal som forelesar på Internettkafeen
- Forslag til tema på internettkafeen:
  - Digitaliseringskoordinator, kva er det?
  - Kva endringar vil komme innan digital kommunikasjon i den nye kommunen?
- Søknader om prosjektmidlar frå Sparebankstiftinga: Egil/Marlos vil sjå på om Seniornett Førde har prosjekt vi kan søke om midlar til i samband med overgang til Sunnfjord kommune

Møtet slutt kl.16.

Borgny E. Slagstad

Skrivar